



DEN NORSKE KYRKJA
Dale sokneråd 2006-2009

dok 408

200800738 15.9.08

KI-501

Boks 93
6866 GAUPNE
Tlf: 57685639
Faks: 57685646
Gaupne 11.09.2008

Kultur- og kyrkjedepartementet,
Kyrkjeavdelinga,
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

HØYRING – ”STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE”

Fortun sokneråd hadde saka føre i møte 10.09.08. og gjorde slik vedtak:

Dale sokneråd ser positivt på dei ulike framlegga til tiltak innstillinga skildrar om styrking av demokratiet i Den norske kyrkja. Framlegga verkar interessante og fornuftige ut frå målsetjingane.

Dei viktigaste framlegga er etter vårt syn dei tiltaka som handlar om å styrke valdeltakinga ved soknerådsvalet. Ein felles kyrkjeleg valdag, som fell saman med Stortingsvalet, har synt seg positivt der det er prøvd ut. Det er også viktig med styrking av informasjon om kandidatar, røysterett og gjennomføring av valet.

Dale sokneråd meiner at tilføring av ekstra ressursar, slik det også går fram av innstillinga, er ein **klar** føresetnad for å gjennomføre dei tiltaka som er lagde fram.

Dale sokneråd sluttar seg til framlegget om å auke delen av leke medlemmer i Bispedømerådet (BDR) og at desse skal veljast ved direkte val. Me trur at dette kan styrkje oppfattinga av BDR og Kyrkjemøtet som ”folkevalde” organ.

For Dale sokneråd

Marit Bøen
Marit Bøen,
kyrkjelydssekretær.